

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 27.08.2008
Sakhandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Status nasjonale prosjekt**

Arkivsak
2008/416/
Styresak 096/08 O

Styremøte 17.10. 2008

Bakgrunn

Helse Vest RHF er kontinuerleg involvert i prosjekt og tiltak på nasjonalt nivå. Slikt arbeid blir organisert på ulikt vis – alt frå at det blir etablert større prosjektorganisasjonar til at oppgåver blir søkt løyst ved bruk av mindre tverregionale arbeidsgrupper. Initiativtakar til slike prosjekt og arbeidsgrupper vil ofte vere Helse- og omsorgsdepartementet eller Helsedirektoratet, men dei kan også vere sett i gong av dei regionale helseføretaka sjølve eller andre nasjonale myndigheitsorgan.

Kommentarar

Helse Vest tar del i ei lang rekke nasjonale prosjekt og arbeidsgrupper. Det er utarbeidd ei oversikt over pågåande prosjekt som viser kven som er initiativtakar, kor prosjektet er forankra, kven som er ansvarleg region, tidspunkt for oppstart og levering, deltaking og status for prosjektet. Oversikta er ikkje uttømmende i den forstand at eitkvart tverregionalt arbeid er med. Oversikten er i utgangspunktet avgrensa til større nasjonale prosjekt, men også nokre andre tiltak som er vedteke løyst i fellesskap med deltaking frå alle regionane og forankra i sentrale myndigheitskrav, er teke med. Deltaking i ulike type andre fora og referansegrupper er haldne utanfor. Oversikten følgjer saka som vedlegg 1.

Innanfor IKT området initierte Helse- og omsorgsdepartementet i 2003 "Nasjonal IKT" gjennom etablering av ein felles strategigruppe mellom departementet og dei regionale helseføretaka for informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Strategigruppa har hatt i oppgåve å utvikle felles rammer og retningslinjer og i nødvendig utstrekning også felles tiltak for dei regionale helseføretaka. Status for pågåande prosjekt under Nasjonal IKT går fram av vedlegg 2.

Forslag til vedtak

Styret tek saka til orientering.

Vedlegg 1: Oversikt over pågåande nasjonale prosjekt – status per august 2008

Vedlegg 2: Statusrapportering til Styringsgruppen Nasjonal IKT, 25.08.08